

Vestnorsk kulturakademi
Magasinvegen 26
5705 VOSS

Voss 20.04.2017

Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Søknad om driftstilskot

Vestnorsk kulturakademi (VKA) søker med dette om auke i det fylkeskommunale tilskotet til VKA, til kr 550 000 i 2018. Med planane me har om auka aktivitet i åra framover er det trong for eit monaleg auka tilskot, for å sikre eit meir føreseieleg driftsgrunnlag og ei god utvikling både av VKA som regionscenter for etter- og vidareutdanning, og av det nyoppretta Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger (BVS), som rådgjevande og utførande avdeling for tradisjonsbygghandverk ved VKA. Me ynskjer å utvikle og fornya tilbodet ved VKA innanfor etter- og vidareutdanning knytt til dei tre fagområda som me arbeider med – tekstilkultur, byggeskikk og matkultur. Me arbeider òg med å utvikle ei erfaringsbasert masterutdanning knytt til desse fagområda. HFK har alt løyvd midlar til utbygging av verkstadane på akademiet, og det er viktig at også driftssida vert styrka for å sikra berekraftig drift av VKA og BVS. Me minner om at HFK, som ein av stiftarane av VKA, spelar ei viktig rolle for drifta av verksemda.

Vestnorsk kulturakademi vart først etablert i 1996 og organisert som stifting i 2001. Hovudaktiviteten er konsentrert om etter- og vidareutdanning, retta inn mot kulturbasert næringsutvikling og med utgangspunkt i konseptet om handlingsboren kunnskap. Fagleg samarbeider me med regionale kulturaktørar og med Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, og Høgskolen i Sør-Trøndelag. I alt fem ulike fag har vore tilbydd gjennom åra. I tillegg driv VKA kursverksemd med kortare og lengre kurs innan dei tre fagområda matkultur, tekstilkultur og byggeskikk.

Søknaden gjeld grunnfinansiering av den vidare drifta frå HFK på kr 550 000 for 2018. Dette inneber ei auke på kr 235 000 i høve dagens tilskot på kr 321 000. For 2018 er det budsjettert med ei fordeling mellom driftstilskot frå Hordaland fylkeskommune og Voss kommune, gåver og andre tilskot, og eigne driftsinntekter. Me held fram arbeidet med å styrke finansieringa gjennom statlege midlar og midlar frå Universitetet i Bergen.

2018

Hordaland fylkeskommune	kr	550 000
Voss kommune	kr	200 000
KUP/andre tilskot/gåver	kr	630 000
Studie-/kursavgift	kr	650 000
<u>Sal/oppdrag</u>	kr	<u>963 500</u>
<u>Sum</u>		<u>kr 2 993 500</u>

Midlane vil verta brukt til finansiering av dagleg leiar for VKA, dagleg leiar for BVS, fagansvarlege og førelesarar/instruktørar, verkstadleiar, kontorhjelpe, dagleg drift av bygningar, kurs og fagtilbod, samt til opprusting av utstyrssida i verkstadene og fornying av undervisningsutstyr og kontorfasilitetar.

Historikk

Initiativet til opprettinga av Vestnorsk kulturakademi vart teke av den dåverande Høgskulenemda i Voss kommune hausten 1992. Ei prosjektgruppe der også Hordaland fylkeskommune, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen var representerte sto for planlegginga. Hausten 1996 kom det første fagstudiet i gang. I 2001 vart VKA ei stifting. Stiftarane er Voss kommune, Hordaland fylkeskommune, Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland husflidslag, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen. Desse utgjer styret. For tida er Hordaland Fylkeskommune sin representant styreleiar.

Det særleine ved VKA er satsinga på handlingsboren kunnskap og kulturbasert næringsutvikling i ein regional samanheng. Det er utvikla fem etter- og vidareutdanningsfag, der teorigrunlaget kjem frå høgskule- og universitetssystemet. Faga er "Vestlandet: region, kultur og tradisjon" og "Byggeskikk i praksis I og II" med Universitetet i Bergen som fagansvarleg institusjon, og "Tekstilkultur I og II" og "Matkultur, entreprenørskap og regional utvikling" (MERU), med Høgskolen i Bergen som fagansvarleg institusjon.

Kvar fageining gjev 15 studiepoeng. Til saman gjev dette 120 studiepoeng på universitets- og høgskuleplan der faga kan inngå som del av ei bachelorgrad. Lærarkreftene er vitskapleg tilsette, tilsette i offentlege etatar og i ulike organisasjonar, og tradisjonsberarar. I løpet av dei åra VKA har drive er det uteksaminert rundt 650 studentar. I tillegg er det utvikla ei omfattande kursverksemd og arrangert mange "opne dagar", møte og samlingar. Det er utvikla samarbeid med ei rekkje institusjonar og lag på lokalt og regionalt nivå.

Skal omgrepet handlingsboren kunnskap stå for meir enn ein talemåte må kunnskapen demonstrerast og praktiserast. På VKA er det i løpet av åra etablert verkstader som er godt eigna til dette – ein snikkarverkstad, eit storkjøkken, ei vevstove og eit bakstehus. Delar av undervisninga går føre seg i verkstadene, oftast saman med tradisjonsberarar. Ei rekkje større prosjekt er også blitt gjennomført på akademiet, finansiert m.a. av Verdiskapingsprogrammet for mat, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og IMDI.

Tekstilt nettverk.

I 2014 vart det etter initiativ frå VKA oppretta eit tekstilt nettverk med utgangspunkt i tidligare studentar på Tekstilkulturfaget ved akademiet. Dette skal vera eit nettverk der personar med tekstilkompetanse kan utveksla erfaringar og jobbe saman for at den tekstile kulturarven vår vert teke vare på. Fyrste samlinga med kurs, føredrag og workshops vart halde i lokala til VKA i november 2014. Det er planlagt ei fast årleg samling ved VKA.

Bygningsvernsenteret.

Initiativet til oppretting av eit bygningsvernsenter for den vestnorske byggeskikken vart teke av VKA hausten 2013. Etter eit lengre forarbeid vart Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger opna i desember 2014. Sentrale samarbeidspartnarar har vore og er Byggmeisterlauget Voss/Hardanger, region Vest, og Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune. Desse er også representert i styringsgruppa for BVS, som i tillegg har representantar frå musea i regionen og frå Universitetet i Bergen. Styreleiaren ved VKA er leiar av styringsgruppa.

BVS set freda og verneverdige bygningar på dagsordenen. Slike bygningar er ein viktig del av kulturarven. Dersom dei forfell eller vert rive, misser kulturlandskapet sitt særpreg og den kulturelle identiteten til lokalsamfunnet vert svekka. Senteret si oppgåve er å sørgje for istandsetting og vedlikehald av desse bygningane slik at dei held fram med å fungere som identitetsmarkørar. Skal oppgåva realiserast, treng me ei revitalisering av tradisjonell handlingsboren kunnskap, gjennom praksis og utføring av restaureringsoppdrag.

Situasjonen i dag

I 2017 vert det arbeidd med å etablere nye vidareutdanningstilbod. Faga «Tekstilkultur 1 og 2» og «Byggeskikk i praksis» er mellombels stogga etter tilsyn frå NOKUT, på grunn av kravet om at førelesarar og instruktørar skal ha hovudstilling ved fagansvarleg institusjon, i dette tilfellet Universitet i Bergen. Me arbeider saman med andre kurstilbydarar om å løyse dette spørsmålet, då mange tilbod om praktisk fagopplæring landet rundt er ramma av forskrifta. Kursverksemda dekkjer både tekstil og bygg, det tradisjonsberarar har hovudansvaret for opplæringa. Det vert kurs i grindbygging i 2017, som tidlegare år. Gjennom BVS er det tilbod om kurs knytt til m.a. nybygg av steinkvelvbru, materialkunnskap, verktykunnskap, og anna innan restaurering og tradisjonshandverk. Ved VKA vert det kurs innan tekstile tradisjonar som spinning og strikk. Kursa får tilskot frå Kulturminnefondet og/eller Studieforbundet Kultur og Tradisjon. Husflidslaget arrangerer opne møte, kurs og arbeidsstove for born, ved VKA.

Pedagogisk grunntanke

Når det gjeld faga har kvart fag ein fagansvarleg knytt til universitets- og høgskulesystemet. Tal samlingar ligg i gjennomsnitt på 5 per semester, per fag. Undervisningsopplegget omfattar førelesningar, seminar, praksis i verkstadane og ekskursjonar – i eit samvirke mellom dei tre typar av lærarkrefter som VKA opererer med. Viktige aspekt er å la studentane sine erfaringar og interesser koma til uttrykk, og å leggje opp til erfaringsutveksling studentane imellom. Det vert kvart år skrive semesteroppgåver i faga, med emne som studentane vel tidleg i semesteret, ut i frå interesse og kunnskap og i samråd med fagrettleiarane. Det vert gjeve rettleiing individuelt og i grupper, og oppgåvene vert diskutert i fellesskap fleire gonger, slik at alle er grundig orientert om kvarandre sine oppgåver – ein viktig læreprosess.

Me legg stor vekt på desse oppgåvene si bruksverdi, både for den enkelte (ofte med tanke på vidare forretningsplanar/etableringsplanar) og for den institusjonen eller organisasjonen studenten er knytt til. Studentgruppa si bakgrunn varierer noko etter fag, men dei fleste har tilknytning til jordbruket, underviser i skuleverket, eller er offentlig tilsette innan m.a. kulturfag og museum. For nokre er motivasjonen personleg kompetanseheving og vidare jobbmoglegheiter, eller dyrking av interesse og hobbyverksemd.

Opprusting av verkstader

Skal handlingsboren kunnskap vera noko anna enn teori må det leggjast til rette gjennom pedagogiske opplegg som er i samsvar med og fungerer som "utviklingsagent" for denne kunnskapsforma. Verkstadane er avgjerande i denne samanhengen – dette er tradisjonsberarane sin arena. Her kan dei gje vidare kunnskapane til nye generasjonar. Verkstadane på VKA er i lita grad fornøya etter at dei vart tekne i bruk. Ei opprusting på utstyrssida er høgst påkravd. Det same gjeld kontorbygget som gjev plass til leiing og seminarrom. Den økonomiske situasjonen ved VKA har ikkje gjort det mogeleg å satse på opprustingstiltak i den grad det er trong for, og dette ynskjer me no å ta tak i.

Det er i samarbeid med Hordaland fylkeskommune lagt opp til eit byggprosjekt for å oppgradere bygningane på VKA. Me har ein stor og historisk verdfull verkstadhall som har potensiale til å verta eit godt senter med undervisningsrom og verkstadar for BVS. Frå fylkeskommunen er det gitt tilsegn om 2 millionar kroner til dette prosjektet. Arkitektar er konsultert og planteikningar utarbeidd. Gjeven ei grunnfinansiering som sikrar både drift og oppgradering av bygga, kan prosjektet verta sett i gang med det same, og opprusting av verkstadane på utstyrssida vil verte gjennomført på ein fagleg forsvarleg måte. Med ein slik

materiell struktur vil VKA verta eit monaleg viktig ressurscenter for handlingsboren kunnskap og kulturbasert næringsutvikling overfor så vel lokale som regionale samarbeidspartnarar.

Grunnfinansiering

Den økonomiske situasjonen ved VKA er som følgjer: å tilby 3 fag, i alt 6 semester, kvart år, kvart fag med femten studentar, gjev inntekter på kr. 900 000. Utgifter til fagansvarlege og førelesarar, jf. praksis i dag, kjem på rundt kr. 120 000 per fag, til saman kr. 720 000. I tillegg kjem avgifter til eksamensansvarleg instans på ca. kr. 30 000 per fag, til saman ca. kr. 180 000. Fleire enn 15 studentar per fag genererer inntekter for akademiet. Eit undervisningsopplegg som her er skissert kan for å lukkast ikkje ha for mange studentar. Grensa går på litt over 20 studentar. Nokon betydeleg inntektskjelde for VKA er det altså ikkje snakk om.

VKA får i 2017 eit tilskot frå Voss kommune på kr. 100 000, og ei løyving frå Hordaland fylkeskommune på kr. 321 000. Me mottek tilskot til undervisinga frå Kulturminnefondet og Studieforbundet Kultur og Tradisjon. BVS har motteke KUP-midlar til etableringsfasen på ca. kr. 400 000 i 2015 og 2016, og får eit årleg tilskot på kr. 50 000 frå Byggmeisterlauget/BNL. Tilskota frå kommune og fylkeskommune er såleis avgjerande for både drift og utvikling.

Satsingsområder

Nedanfor følgjer dei satsingane som VKA prioriterer i tida framover. Satsingane gjev både ei vidareutvikling av aktivitetar som VKA allereie driv, og nyskaping gjennom å byggja opp verksemda til Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger.

Vestnorsk kulturakademi

Den daglege drifta av VKA er utfordrande grunna den usikre driftsstøtta som må søkjast om frå år til år. Spesielt gjeld dette for den administrative leiinga. I mange år har administrasjonen vore ivareteken gjennom deltidsstillingar, noko som gjev mindre kontinuitet og mindre rom for fornying enn ynskjeleg. For tida har VKA ein dagleg leiar i 50 % stilling, noko som er ei minimumsløysing. Det er den daglege leiaren saman med arbeidsutvalet som står for drifta, med styret som referanse. Det er difor svært viktig å sikre ei grunnfinansiering som gjer det mogeleg å auka dagleg leiar si stilling opp mot full stilling så snart råd er, eller å tilsetje kontorhjelp i ei deltidsstilling, noko som vil vere positivt for arbeidsmiljøet, sikre at breidda i naudsynte arbeidsoppgåver vert dekkja, og gjere drifta mindre sårbar ved fråvære.

Bygningsvernssenteret Voss/Hardanger

I åra framover vil BVS vidareutvikle tre hovudaktivitetar: kompetanseheving, oppdragsbasert verksemd og mobiliseringstiltak. Kompetanse basert på handlingsboren kunnskap innanfor tradisjonshandverk er mange stader mangelvare i byggebransjen. For å avhjelpe dette satsar me på vidareutdanning av fagarbeidarar og tradisjonshandverkarar gjennom kurs i samband med BVS sine oppdrag. Eit forprosjekt er gjennomført tidlegare, støtta av RUP-programmet i HFK, og BVS er i løpet av 2015 alt komen godt i gang med å arrangere opne kurs i samband med oppdrag. Desse kursa vert supplert av VKA sitt faste fagtilbod innan byggeskikk, og av spesialkurs, mellom anna i materialkunnskap, verktøybruk og tradisjonshandverksteknikkar.

I tillegg vert det satsa på å etablere eit tilbod for yrkesfaga i vidaregåande skule. Ein ser at det er interesse for eldre handverksteknikkar og byggjemåtar hjå elevane som vel byggfag, og eit tilbod om god, praktisk opplæring i slikt arbeid kan både vere ei hjelp i arbeidet for å redusere fråfallet i vidaregåande skule, og ein måte å sikre vidareføring av handlingsboren kunnskap. Opplegget inneber ei hospiteringsordning knytt til verkstaden på VKA for lærarar og elevane. Hospiteringa vil kunne vekkje sansen for handlingsboren kunnskap hjå elevane og ha mykje å

seie for deira yrkesorientering som framtidige fagarbeidarar. På dette området har VKA/BVS tidlegare gjennomført eit forprosjekt, og det er etablert ei arbeidsgruppe der HFK tek del.

Drifta av BVS er oppdragsbasert. Til no har dei fleste oppdraga kome frå private eigarar. Der er avgjerande å samarbeide med kulturavdelinga i kommunen der oppdraget høyrer heime, og kulturminneplanarbeidet i kommunane er eit fast referansepunkt. Det er utvikla prosedyrar for planlegging og tilrettelegging av enkeltoppdrag i tråd med gjeldande regelverk for restaureringsarbeid og for tilstandsrapportar og prisoverslag.

I tillegg må kriterium for kvalitetssikring av byggmeistrane som utfører arbeidet utarbeidast. Både kompetanse og pris må telje ved vurdering av anbod, slik at innteninga vert sikra og ein kulturbasert næringsutvikling innan byggjebransjen kan koma i gang.

Samla sett er det likevel avgjerande at det vert satsa på systematisk rapportering frå enkeltoppdrag med tanke på ivaretaking av erfaringar og på kursopplegg. For kvart oppdrag vil det verta arrangert kompetansegejevande kurs som følgjer arbeidets gang og som er opne for handverkarar, tradisjonsberarar og kulturarvinteresserte i den kommunen oppdraget vert utført. Dette vert samstundes eit bidrag til revitalisering av handlingsboren kunnskap!

Desse mobiliserande tiltaka er ikkje berre knytt til utvikling og aktiv bruk av nettsider, men til eiga utføring av praktisk arbeid. Det vert satsa på oppsøkjande verksemd i lokalsamfunna og samarbeid med organisasjonar og lag (for eksempel historie- og sogelag) som er opptekne av bygningsvern, kulturarv og kulturell identitet. Sjølve BVS skal også ha ein mobiliserande effekt, som ein stad som er verdt å besøkje. Det er difor viktig at verkstadbygget vert innreia praktisk til dette formålet. Det må vera plass til verktøysamlingar, eit mindre materiallager, og til oppdragsdokumentasjon, gjerne i montasjeform. Spesielt viktig er det at dei besøkjande får moglegeheit til prøva sjølv, med verktøy i hand – under rettleiing av erfarne instruktørar. Verkstaden vert slik innreia som ein spanande læringsarena for handlingsboren kunnskap.

VKA som læringsarena i tradisjonelt bygghandverk og teknisk bygningsvern.

Det er trong for handverkarar som beherskar tradisjonelle handverksmetodar og er høgt kvalifisert innan bygningsvern, med god kunnskap om eldre tradisjonelle konstruksjonar, teknikkar og materialar. VKA har inngått avtale med HIST om å vere ein av 8 læringsarenaer for studentar på eit 4-årig samlingsbasert bachelorstudium i bygningsvern og restaurering. På studieretninga Tradisjonelt Bygghåndverk fordjupar studentane seg i handverksteknikkar og oppnår høg ferdighet og innsikt i tradisjonelt bygghandverk. Studentane vert knytt til ein læringsarena, og tek del i lengre prosjekt på staden som strekkjer seg gjennom studieåret. I tillegg deltek dei på samlingar ved HiST for teoretiske og praktiske emne. Ein bachelorgrad i utøvande tradisjonelt bygghandverk gjev formell kompetanse for dei som allereie har fagbrev.

Tekstilkultur 3

Me ynskjer ei auka satsing i tekstilkulturfaget med oppretting av eit «Tekstilkultur 3». Etter å ha gjennomført 2 semester av Tekstilkulturfaget fleire gonger ser me at det er både ynskje om og behov for å oppretta eit tredje semester i dette faget. Mange tekstile handverksteknikkar står i fare for å verta utrydda. Me ynskjer at studentane skal kunne gå i djupna på teknikkane og bidra til å sikra denne kunnskapen for framtida. Tradisjonsberarane innan tekstilfaget vil vera den viktigaste kunnskapskjelda i dette tredje semesteret, og den praktiske delen og dokumentasjonen av denne vil vera hovudfokus. Me tek i bruk musea i Hordaland, ressursane knytt til desse, og samlingane deira. Eit fagtilbod for Tekstilkultur 3 innan oppstadvev er prøvd ut i 2016 i samarbeid med Museumssenteret i Hordaland, noko som har gjeve verdfulle erfaringar som vert tekne med i det vidare arbeidet .

Erfaringsbasert master.

Faga som VKA tilbyr gjev samla sett gjev 120 studiepoeng. I tillegg kjem fagarbeidartilbodet som kan gje 15 studiepoeng. Faga våre kan koplase med andre fag med liknande tema, i samarbeid med universitets- og høgskulesystemet, med sikte på å setje saman ein bachelorgrad. I denne samanhengen er det viktig å få vurdert på kva måte fag som studentane alt har tatt, kan passast inn. Det er på denne bakgrunn VKA ynskjer å oppretta eit erfaringsbasert masterstudium med fokus på handlingsboren kunnskap. Eit masterstudium kan utviklast i samarbeid med Høgskolen i Sør-Trøndelag, Høgskolen i Bergen og Universitetet i Bergen, der også Ole Bull Akademiet kan koplast på. Kontaktane er alt etablert.

Masterstudiet er frå VKA si side tenkt som eit samlingsbasert vidareutdanningsstudium på fire år. For opptak krevst ei grunnutdanning av eit omfang tilsvarande bachelorgrad og minst to år relevant yrkespraksis. I studiet vil hovudemne som tekstilkultur eller byggeskikk/bygningsvern inngå, samt metodekurs og masteroppgåve. Prosjektskildringa for masteroppgåva utarbeidast i løpet av metodekurset og vert skrive etter gjennomført metodekurs. Oppgåva bør ha ein praktisk karakter og byggja på problemløysing. Masteroppgåva står for 30 studiepoeng.

Eit slikt erfaringsbasert masteropplegg må ha eit programstyre satt saman av personar frå dei samarbeidande institusjonane, som kvalitetssikrar tilbodet og fastlegg kva fag som kan inngå i bachelorgradane som fungerer som opptaksgrunnlag. Ein ansvarsfordeling når det gjeld masteremna bør kome i stand og undervisninga kan så finne stad ved dei ulike institusjonane. Når masterstudiet kjem på dagsordenen bør ein hurtig knytte til seg fagpersoner innan handlingsboren kunnskap frå andre miljø i Noreg, Norden og internasjonalt. Spesielt viktig er det å være på høgda med dei seinare års internasjonale forskning på området.

Bruk av grunnfinansieringsmidla

For å få til ei berekraftig drift av VKA og BVS er det naudsynt med ei auke av den årlege driftsstøtta. Eit grunnbudsjett på vel 2 millionar kr per år vil gje ei god drift, med administrasjon for VKA minst i full stilling til saman, dagleg leiar for BVS i full stilling, fagansvarleg for handlingsboren kunnskap (50%) og verkstadansvarleg (50%), og dekkja driftsutgifter og vedlikehald og fornying av bygningane. Bygningsvernsenteret søker kontinuerleg prosjektmidlar til pågåande prosjekt. I tillegg vil utførte restaureringsoppdrag generera inntekter. Det totale budsjettet med tre fag gåande og drift av BVS vil slik liggja mellom 3 og 4 millionar kroner.

Me vonar fylkeskommunen vil sjå positivt på søknaden og vera med å sikra drifta og utviklinga av Vestnorsk Kulturakademi og Bygningsvernsenteret Voss/Hardanger, ved å auka driftsstøtta slik det er skissert i denne søknaden.

Med venleg helsing,

Sign.

Atle Ove Martinussen
Styreleiar



Bridget Penny
Dagleg leiar

